



# Årsmøtedokument

## Årsmøte i NJFF Sogn og Fjordane, Clarion Hotel Admiral, Bergen 20. mars 2022

### Innhald

Program årsmøte .....	2
Sakliste .....	2
Styret sine framlegg til vedtak.....	3
Sak 1, konstituering av årsmøtet .....	3
Sak 2, årsrapport 2021 .....	4
Sak 3, Rekneskap 2021 .....	4
Sak 4, Innkomne forslag .....	4
Sak 5, Andre saker styret har sett opp - vedtektsendring.....	4
Sak 6, Årsplan 2022 .....	5
Sak 7, Medlemskontingent 2023 .....	8
Sak 8, Budsjett 2022 .....	9
Sak 9, Val 2022.....	10
Sak 10, Val av revisorar .....	11
Sak 11, Val av valnemnd.....	11
Vedtekter.....	12

## Program årsmøte

### Laurdag 19. mars

Kl 13.00	Lunsj
Kl 14.00	Friluftsskule ved Bjarne Huseklepp, NJFF Sogn og Fjordane
Kl 14.30	Marin forsøpling ved Kenneth Bruvik, NJFF Hordaland
Kl 15.15	Kaffepause
Kl 15.45	Korleis auke storleiken på fisken i overbefolka vatn ved Torbjørn Toft, Øystese jff
Kl 16.30	Når drømmen om storfisk blir realitet ved Cato Bekkevold
Kl 17.30	Jakt i utlandet ved Mylla Jaktreiser
Kl 20.00	Festmiddag

Pausar etter behov

### Søndag 20. mars

Kl 09.00	Opning årsmøte Nytt frå NJFF ved 2. nestleiar i forbundstyret, Bjarte Erstad NJFF ved generalsekretær Eldar Berli Årsmøtesaker (NJFF Sogn og Fj. og NJFF Hordaland kvar for seg)
kl 13.00	Lunsj og heimreise

Pausar etter behov

## Sakliste

1. Konstituering av møtet
  - Godkjenning av fullmakter
  - Godkjenning av innkalling
  - Godkjenning av sakliste
  - Godkjenning av forretningsorden
  - Namneopprop
  - Val av ordstyrar
  - Val av sekretær
  - Val av teljekorps
  - Val av 2 delegatar til å skrive under årsmøteprotokollen
2. Årsmelding 2021
3. Revidert rekneskap for 2021
4. Innkomne saker med styret sitt framlegg til vedtak.
5. Andre saker som styret har sett opp på saklista
  - 5.1: Vedtektsendring
6. Styret sitt framlegg til årsplan 2022
7. Fylkeslaget sin kontingentdel 2023, med styret sitt framlegg til vedtak.
8. Styret sitt framlegg til budsjett 2022
9. Val av styre i medhald av § 7.
10. Val av valnemnd
11. Val av revisor og revisor vara

## Styret sine framlegg til vedtak

### Sak 1, konstituering av årsmøtet

Godkjenning av fullmakter

Årsmøtet tek stilling til om alle delegatar har fullmakt til å stemme.

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling med førebels program vart utsendt 03.02.22. I fylgje fylkeslaget sine vedtekter skal årsmøtet kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, eventuelt vedtektsendringar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.

#### **Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**

*Innkalling og styret sitt framlegg til sakliste vert godkjend.*

Godkjenning av forretningsorden

Styret fremjar følgjande til forretningsorden:

1. Talerett har alle valde årsmøtedelegatar, fylkeslagsstyret, fylkesinstruktørar, fylkessekretær og gjester
2. Forslags- og røysterett har alle valde årsmøtedelegatar og fylkeslagsstyret. Dersom fylkeslagsinstruktørar møter som representant for eit lag har dei røysterett. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap. Ingen har meir enn ei røyst.
2. Forslag på vedtak skal leverast møteleiar skriftleg og underteikna, men før strek er sett. Berre endringsforslag som har samanheng med saker oppført på saklista kan behandlast. For seint innkomne forslag kan ikkje behandlast.
3. Alle vedtak skal avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unnateke ved personval, der ein skal ha loddrekning. Vala skal vere skriftlege dersom nokon av representantane krev det. Ved endring av vedtektene, krevst 2/3 fleirtal
4. I protokollen skal det førast inn dei som har hatt ordet i saka, innkomne forslag og avstemmingar, samt dei vedtaka som er gjorde.

#### **Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**

*Styret sitt framlegg til forretningsorden vert godkjend.*

### Sak 2, årsrapport 2021

Sjå «Årsrapport 2021»

#### **Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**

*Årsrapporten vert godkjend.*

Sak 3, Rekneskap 2021  
Sjå rekneskap i Årsrapport 2021

**Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**  
*Rekneskapet vert godkjend.*

Sak 4, Innkomne forslag  
Ingen saker er meldt inn

Sak 5, Andre saker styret har sett opp

### **5.1; Vedtektsendring**

Landsmøtet i 2021 vedtok at alle fylkeslag og lokallag skal ha nye vedtektsnormer og dei skal vedtakast seinast 2023. I nokre paragrafar kan ein sjølv gjere endringar og tillegg. Dagens vedtekter ligg nedst i dette dokumentet. Vedtektsnormene som landsmøtet vedtok ligg nedst på denne sida: <https://www.njff.no/njff-organisasjonen/vedtekter>

Styret sitt forslag til nye vedtekter som følger vedtektsnormen, ligg vedlagt som eige dokument.

**Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**  
*Styret sitt framlegg til nye vedtekter vert godkjend.*

## Sak 6, Årsplan 2022

NJFF Sogn og Fjordane sin årsplan tufter på NJFF sitt arbeidsprogram: <https://www.njff.no/njff-organisasjonen/arbeidsprogram> Del 1 og del II.

### ÅRSPLAN NJFF SOGN OG FJORDANE 2022

#### NJFFS STRATEGISKE MÅLOMRÅDER OG HOVEDMÅL

**UTØVELSE AV JAKT, FISKE OG ANNET FRILUFTSLIV** 1. Vårt tradisjonsrike høstingsbaserte friluftsliv skal være tilpasset samfunnsutviklingen og ha bred allmenn anerkjennelse. 2. Allmennheten skal ha god tilgang på jakt og fiske og annet friluftsliv. 3. Naturgrunnlaget skal være godt ivaretatt gjennom bærekraftig bruk og god forvaltning, slik at det produseres høstbare overskudd av vilt og fisk. 4. NJFF skal være en ansvarlig miljøaktør.

**ORGANISASJONEN** 5. NJFF skal være en sterk organisasjon som ivaretar medlemmenes interesser. 6. Jegere og fiskere skal ha god kunnskap om og respekt for vilt, fisk og regelverk. 7. NJFF skal ha attraktive medlemstilbud til jegere, fiskere og andre friluftinteresserte.

<b>2.1 Medlemsfordeler og tenester</b>		
Videreføre medlemsfordeler for medlemmer	Leige hjå OVF Holmevasshytta Laksefiske for ungdom	Alf / Reidun Reidun Torger
Ha medlemspris og ikke-medlemspris på dei fleste kurs og aktivitetar	På nær alle kurs og aktiviteter som fylkeslaget tilbyr, oppfordre lokallaga til det samme	Alle
Markedsføre medlemsfordeler	på nettside, sosiale medier og nyhendebrev	Reidun
<b>2.2 Kommunikasjon og markedsføring</b>		
Bruke nettside, facebook, instagram, nyhendebrev		Reidun og styret
Bruke media aktivt for å fremme aktiviteter og synspunkter	Alle aktiviteter Standpunkt / fagsaker	Alle
Styrke kommunikasjonsfagleg og politisk kunnskap	Medie- og politikerkurs 2022	Leiar og Reidun
<b>2.3 Barn og ungdom</b>		
Åtejakt på rev	01.12.21 – 15.04.2022, Gloppen	Torger
Laksefiske for ungdom	Fiskesesongen, Ommedalselva	Torger
Fylkesleir for ungdom	10-12. juni, Nesholmen, Hyen	Torger
Småviltjakt for ungdom	17. sept, Dvergsdalen	Geir Ove
Delta på sentral ungdomsleiarsamling		Torger
Følge opp og halde kontakt med lokale ungdomsansvarlege	Samling for ungdomsansvarlege i lokallaga	Torger
Informere om barne- og ungdomsmidler	Frist sende inn grunnlagskjema for tildeling av frifond-midler. - Fiskesommer-midler, intro-jakt, familieaktivitet, jakt- og fiskeskule / jaktskytterskule - Frifond, jakt- og fiskeskule/jaktskytterskule	Reidun, Torger

<b>2.4 Kvinner</b>		
Jentesamling med pøsekurs	11.12. februar, Vassenden	Wenche
Havfisketur for jenter	11-12. Mars, Kalvåg	Randi
Småviltjakt for jenter	30.sept-2.okt, Aurland	Heidi
Informere om jentemidler	15. mars	Reidun, Marte
Delta på sentral kvinnekonferanse		Marte
Følge opp og halde kontakt med lokale kvinnekontakter	Jentesamling	Marte
<b>2.5 Organisasjon</b>		
«Mitt lag»	Informere om friluftsskule	Bjarne
Tillitsvaldkurs	6.-7. mai, Skei	Reidun
Besøke og halde kontakt med lokallaga	2022	Alle
Informasjon	Nyhendebrev, facebook, nettside, instagram	Alle
Mediaverksemd, aktiviteter og kurs	Bileter og litt tekst frå alle arrangement	Alle ansvarlege, info
Medieverksemd, Standpunkt	Lesarinnlegg / intervju	leiar, fagansvarleg
Gjennomføre årsmøte	20.mars	Alf
Planleggingsdag for 2023	november	Reidun
<b>2.6 Opplæringsverksemda</b>		
Grunnkurs jakthund	10.-12. Juni, Skei	Rudi
Oppdatering ettersøksinstruktørar	4. mai, Skei	Rudi
Oppdateringskurs jakthunddressur-instruktørar	Dato?	Bjørn
Valpekurs	3.-5. Juni, alle jakthundressur-instruktørar i S & Fj velkomen	Bjørn
Instruktørkurs flugekasting	22.-24. April, Høyanger	Brede B
Andre kurs for barn, ungdom, jenter, jegere og fiskere – sjå andre punkt		
<b>2.7 Ålmenta si tilgong til jakt og fiske</b>		
Avtale OVF	Hjortejakt i Sogn og Fjordane	Reidun / Alf
Bruke Inatur til våre tilbod		Reidun
Oppfordre lokallaga til å bruke inatur		Reidun
<b>2.8 Jakt og viltforvaltning</b>		
Høyringar innan jakt og vilt		Brede, jaktutvalet
åtejakt, jakt m.v	Sjå pkt for ungdom og kvinner	
Viltseminar	15. og 16. Mars. Webinar. Samarbeid med andre	Reidun / Alf
Vidaregåande kurs ettersøk	8-11.april, Årdal	Ann-Kristin
Trofemåling	Heile året	Knut og Vidar
Kontaktutvalet for rovvilt	Møter	Reidun/Brede
Skadefellingskurs for rovvilt	14-15. mai. Kun for medlemer i fellingslag	Reidun / Brede

<b>2.9 Fiske og vannforvaltning</b>		
Kastekurs med flugestong	2.-3. April, Vik	Morten / Brede
Deltakar vassområde Sogn og Fjordane		
Deltakar i regionalt fiskeutval for kysten		Jan Henning, Morten
Sjå andre punkter for fisketilbod ungdom, jenter		
Høyringar innan fiske og forvaltning		Morten, fiskeutval
Kontakt med lokale instruktører		Brede B
<b>2.10 Jaktskyting og våpen</b>		
Terminliste jaktskyting	Oktober	Jaktskyttarutval
Bestilling premiar	Februar	Reidun
Sogn og Fjordane Cup		Jaktskyttarutval
Våpenløftet Cup		Jaktskyttarutval
Rekruttering jaktskyting		Jaktskyttarutval
Kontakt med lokale instruktører ?		
<b>2.11 Jakthund</b>		
Klubbmeisterskap fuglehundar	19. febr. Gaularfjell	Bertil
Nybyrjarsamling fuglehund	19. febr. Gaularfjell	Bertil
Gaularfjellprøven, ståande fuglehundar	4-6. mars, Gaularfjell	Øivind/Bertil
Bandhundkurs hjortejakt	23.-24.april, Gulen	Bjørn Henry
Tilby sporprøver		Ettersøksutvalet
Høyringar innan ettersøk, bandtvang o.l.		Jaktutvalet og ettersøksutvalet
Kontakt med lokale instruktører ?		Bjørn
<b>2.12 Miljø- og energipolitikk -ny</b>		
Miljøengasjement		
Ivareta leveområda for vilt og fisk		
Avfallshandtering for aktiviteter	Utarbeide plan for dette	
<b>2.13 Administrasjon -ny</b>		
Sikre god bruk av digitale verkty	Portalkurs 2. Og 3. Februar	Reidun
Ivareta økonomien	Søke om midlar, utarbeide budsjett, budsjettstyring	Styret
Heve kompetansen i bruk av moderne kommunikasjons- og IT verktoy	?	

**Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**  
 Årsplanen vert godkjend.

## Sak 7, Medlemskontingent 2022

Fylkeslagskontingenten er kr. 50,- for alle kategoriar med unntak av barne- og ungdomsmedlemskap med og utan tidsskrift som er sett til kr. 15,-.

Landsmøtet i november vedtok at alle fylkeslag skal ha ein fast sats, innanfor ei ramme. Representantskapet (regionsleiarane) vedtar i løpet av våren kva kontingenten skal vere innanfor denne ramma. Den øvre ramma som vart vedtatt på landsmøtet, er kr 95 for hovudmedlemskap, kr 90 for uføre/pensjonist, kr 60 for barn og unge, kr 85 for ektefelle/sambuar, kr 30 for sidemedlemskap og kr 120 for familiemedlemskap.

### **Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**

*Årsmøtet gjer vedtak om å følgje landsmøtevedtaket for kontingent.*



## Sak 8, Budsjett 2022

	<i>Res-2021</i>	<i>Bud-2022</i>
<b><u>SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</u></b>		
3100 Andel kontingent	-357 150,90	-275 000,00
3110 Deltakaravgift	-58 394,50	-350 100,00
3400 Tilskot NJFF	-33 373,00	-8 160,00
3402 Utviklingsavtale Driftstønad	-150 000,00	-150 000,00
3403 Utviklingsavtale Rekruttering	-70 000,00	-102 500,00
3404 Utviklingsavtale Human jakt		-96 000,00
3405 Utviklingsavtale Småviltforvaltning		-50 000,00
3410 Andre tilskot	-5 200,00	-10 000,00
3411 Grasrotandel	-807,17	-400,00
3420 Momsrefusjon	-61 291,00	-50 000,00
3550 Loddsal		-1 000,00
3620 Leige: treningsterreng		-1 000,00
<b>SUM SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</b>	<b>-736 216,57</b>	<b>-1 094 160,00</b>
<b><u>LØNSKOSTNAD</u></b>		
5000 Honorar	16 762,67	80 780,00
5901 Gåver til tillitsvalde og LL	56 405,05	50 000,00
<b>SUM LØNSKOSTNAD</b>	<b>73 167,72</b>	<b>130 780,00</b>
<b><u>ANNEN DRIFTSKOSTNAD</u></b>		
6300 Leige lokale	74 111,70	137 700,00
6301 Leige av terreng	76 180,00	59 000,00
6500 Kjøp av utstyr, inventar	31 492,88	40 000,00
6510 Kjøp av premiar	34 758,00	69 700,00
6551 Datautstyr (hardware)	63 452,00	10 000,00
6552 Programvare (software)	17 006,64	12 000,00
6700 Kjøp av aktiviteter	1 800,00	52 240,00
6705 Honorar rekneskap	25 000,00	25 000,00
6710 Annonse	30 290,72	22 800,00
6800 Kontorrekvisita	13 678,30	10 700,00
6840 Aviser, tidsskrift, bøker		200,00
6850 Kursutgifter	8 658,00	113 000,00
6860 mat, opphald	111 801,15	200 720,00
6900 Telefon og Internett	30 051,76	27 000,00
6940 Porto	5 530,00	1 000,00
7100 Bilgodtgjersle	52 094,19	187 800,00
7140 Reiseutgifter, ikkje oppg.pl.	13 632,82	79 000,00
7500 Forsikring	2 380,00	5 000,00
7770 Bank- og kortgebyr	838,50	1 000,00
<b>SUM ANNEN DRIFTSKOSTNAD</b>	<b>592 756,66</b>	<b>1 053 860,00</b>
<b>KOSTNADER</b>	<b>665 924,38</b>	<b>1 184 640,00</b>
<b><u>FINANSIELLE POSTER</u></b>		
8051 Renteinntekter	-3 384,00	-8 000,00
<b>SUM FINANSIELLE POSTER</b>	<b>-3 384,00</b>	<b>-8 000,00</b>
<b>RESULTAT (Underskudd)</b>	<b>-73 676.19</b>	<b>82 480.00</b>

**Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**  
*Budsjettet vert godkjent*

Sak 9, Val 2022

**CV Henning Haugholt innstilt som ny leiar**

Bustad - Askrova, øy vest for Florø.

Lokallag - Flora jff.

Interesser innan jakt, fiske og friluftsliv - Jaktar sel, sjøfugl, hjort, hare og rådyr. Har stort engasjement innan selforvaltning og jobbar sterkt for betre kvoter og forvaltning av sel og havert. Jobbar aktivt for å tilrettelegge for friluftaktivitetar i lokalmiljøet, og har vore primus motor for Draumeplassen utbygging på Askrova.

Lags- og organisasjonsarbeid:

Nestleiar i NJFF S&F 2019-DD

Nestleiar i styret for Askrova bygdelag i 11 år (2013-2021)

Leiar for Vonheim Borettslag 2017-2021

Tidligere hovudverneombod og AMU representant i Odfjell Drilling (jobb)

**CV Håkon Huseklepp innstilt som ny nestleiar**

Bustad - Guddal, Fjaler.

Lokallag - Førde Jakt og Fiskelag.

Interesser innan jakt, fiske og friluftsliv – Sportsfiske etter laks/aure. Hundeeigar – har 2 Jack Russel Terriers.

Lags- og organisasjonsarbeid:

Styremedlem i BOiVest, Førde. 2008 ⇒ 2009.

Styremedlem i Sogn og Fjordane Bustadbyggelag. 2006 ⇒ 2008.

Styremedlem i Finansforbundet i Norge. Frå 2001 ⇒ 2008.

Styremedlem i Finansforbundet i TrygVesta. Frå 2001 ⇒ 2008.

2003 ⇒ 2008: Styremedlem i TrygVesta A/S og Tryg Forsikring A/S i Danmark.

1996 ⇒ 2007: Styremedlem i Vesta Forsikring AS.

1991 ⇒ 2006: Sogn og Fjordane Bustadbyggelag: Ordfører i Representantskapet.

2000 ⇒ 2004: Finansforbundet, avd. Sogn og Fjordane: Styremedlem og sekretær.

1991 ⇒ 2000: Norske Assurandørers Forbund (NAF), Vesta: styremedlem frå 1991 og nestleiar i styret frå 1994.

1996 ⇒ 2000: Norske Assurandørers Forbund (NAF), Norge: Varamedlem til styret.

1994 ⇒ 1999: Norges Jeger og Fiskerforbund (NJFF), Norge: Medlem av sportsfiskerutvalet.

1994 ⇒ 1996: Vesta Forsikring AS, Konsern: Medlem av Representantskapen.

1990 ⇒ 1994: Sogn og Fjordane Jeger og Fiskerforbund : Styremedlem/sekretær.

1987 ⇒ 1992: Førde Jakt og Fiskelag, styremedlem/ sekretær.

1987 ⇒ 1992: Styremedlem/nestleiar i Førde Høgre.

## CV Siv Solberg innstilt som ny kvinnekontakt

Bustad - Stryn.

Lokallag - Stryn og Hornindal jff.

Interesser innan jakt, fiske og friluftsliv - Har alltid vore interessert i fiske. Jakt er eit nytt felt og tok jegerprøven først i 2021, men er generelt interessert i friluftsliv. Lags- og organisasjonsarbeid:

Styremedlem Stryn Fotball 2018-2020

Fotballtrenar 2007-2017

Styremedlem Stryn Røde Kors 2021- DD

Hjelpekorpsmedlem

Styremedlem Herbalife Nutrition 2017- DD

## CV Bjørnar Eikenes innstilt som fagansvarlig vilt

Bustad - Hestenesøyra i Gloppen kommune.

Lokallag - Gloppen jfl.

Interesser innan jakt, fiske og friluftsliv - Har alltid vore interessert i jakt, fiske og friluftsliv. Siste åra har det gått meir og meir over i jakt. Har jakta det meste av norsk vilt, men storparten av tida går med til jakt på hjort om hausten, og rev resten av jaktåret. Har bachelor i utmarksforvaltning, og teke fag innan jaktguiding. Før dette, eit år på folkehøgskole der han gjekk linja *jakt og fiske* på Skogn Folkehøgskule. Jobbar pt som utmarksforvaltar i Gloppen og Stad kommune.

## CV Terje Johansen innstilt som 1.vara

Bustad - Florø.

Lokallag - Flora jff.

Interesser innan jakt, fiske og friluftsliv - Ivrig hjortejeger, og har reist på diverse jakt i både inn- og utland. Mellom anna villsvin, rådyr, rein og dåhjort. Lite fuglejakt, men brukar mykje tid på å fiske både på sjøen og i ulike fjellvatn i nærområde.

Lags- og organisasjonsarbeid:

Nestleiar i Flora jff.

Instruktør på riflebane.

Instruktør på jegerkurs.

Styremedlem i Florø motorsportsklubb sidan 2018.

Ungdomskontakt i Flora skytterlag sidan 2019.

### Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

- *Leiar, veljast for 2 år* *Henning Haugholt, Flora jfl*
- *Nestleiar /sekretær, veljast for 1 år* *Håkon Huseklepp, Førde jfl*
- *Kasserar, veljast for 2 år* *Attval: Ingunn Loen Sunde, Flora jff*
- *Ungdomsansvarleg, ikkje på val* *Torger Eimhjellen, Hyen jfl*
- *Kvinnekontakt, veljast for 2 år* *Siv Solberg, Stryn og Hornindal jspfl*
- *Fagansvarleg fisk, ikkje på val* *Morten Jacobsen, Vik jfl*
- *Fagansvarleg vilt, veljast for 2 år* *Bjørnar Eikenes, Gloppen jfl*

- *1. vara, veljast for 1 år* *NY: Terje Johansen*
- *2. Vara, veljast for 1 år* *Attval: Frode Ølmheim, Leikanger jfl*

## Sak 10, Val av revisorar

Dersom dei nye vedtektene er vedtatt, vel årsmøtet kun 1 revisor og 1 vara revisor.

### **Valnemnda sitt framlegg til vedtak:**

- Revisor nr. 1 Ikkje på val, 1 år att Jarle Sognnes
- Revisor nr. 2 Ikkje på val, 2 år att Kåre Stokkevåg, Førde jfl
- Revisor vara Veljast for 3 år Øyvind Hopland, Stryn og H. jspfl

## Sak 11, Val av valnemnd

### **Styret sitt framlegg til vedtak:**

Valnemnd, leiar, 1 år att Kim Vidar Bakken, Leikanger jfl  
Valnemnd, medlem 2 år att Wenche Johanne Henden, Stryn og H. jspfl  
Valnemnd, medlem, veljast for 3 år Alf Erik Røyrvik, Hyen jfl

# NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND -SOGN OG FJORDANE

Vedtekne av årsmøtet 25.03.2000  
Revidert 12.03.16  
Godkjendt av NJFF 08.04.16

## **DEL I**

### **§ 1. NAMN**

Fylkeslaget sitt namn er **Norges Jeger- og Fiskerforbund – Sogn og Fjordane**, og er ein samanslutning av alle lag tilslutta Norges Jeger- og Fiskerforbund i Sogn og Fjordane Fylke.

### **§ 2. FORMÅL**

Fylkeslaget sitt hovudformål er det same som for NJFF sentralt:

Å ta vare på jakt,- fiske- og friluftsiinteressene igjennom å ta vare på naturen sitt produksjonsgrunnlag, og ved at ålmenta skal ha tilgang til å utøve jakt og fiske. Hovudmåla er:

- å være ein aktiv interesseorganisasjon som tek vare på medlemene sine interesser innan jakt, fiske, naturforvaltning og friluftsliv.
- å sikre ei berekraftig hausting av vilt- og fiskeressursane våre, basert på tilgjengeleg kunnskap.
- å sikre at viltet og fisken blir hausta til glede for flest moglege motiverte utøvarar.

Arbeidet i fylkeslaget skal byggje på NJFF sitt gjeldande handlingsprogram og det årlege arbeidsprogrammet.

Fylkeslaget skal være bindeleddet mellom NJFF sitt sentralledd og lokallaga i fylket. Det har eit særleg ansvar med å ta vare på organisasjonen sitt formål elles på fylkesnivå.

### **§ 3. LEIANDE ORGAN**

Laget sine leiande organ er:

- a) Årsmøtet
- b) Ekstraordinært årsmøte
- c) Styret

Årsmøtet skal haldast kvart år innan 1. april.

Sentralleddet i NJFF har rett til å vera representert på års- og styremøta til fylkeslaget med talerett.

#### **§ 4. ØKONOMI**

*Forbundet refunderer til fylkeslaget den del av kontingenten som landsmøtet fastset.*

*Fylkeslaget sitt årsmøte kan i tillegg fastsetje ein eigen kontingent til fylkeslaget som vert kravt inn saman med forbundskontingenten.*

*Fastsett fylkeskontingent skal meldast til forbundet innan 1. september.*

## **DEL II**

#### **§ 5. ÅRSMØTE**

*Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan 1. april der styret bestemmer.*

*Årsmøtet skal kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Framlegg som laga ynskjer å få handsama av årsmøtet skal vere styret i hende innan utgangen av januar.*

*Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, evt. vedtektsendringar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.*

*Lag med inntil 200 medlemmer kan senda 2 representantar. Lag med fleire medlemmer kan sende ytterlegare 1 representant for kvar påbyrja 200 medlemmer, -maksimalt 6 representantar. Medlemer frå laga utnemnd av NJFF i sentrale utval og fylkesinstruktørar vert kalla inn til årsmøtet. Desse har talerett, men ikkje røysterett. Dersom dei møter som representant for eit lag har dei både tale- og røysterett på årsmøtet.*

*Årsmøtet skal handsama følgjande:*

1. *Konstituering av møtet*
    - *Godkjenning av fullmakter*
    - *Godkjenning av innkalling*
    - *Godkjenning av saklista*
    - *Godkjenning av forretningsorden*
    - *Val av ordstyrar*
    - *Val av sekretær*
    - *Val av teljekorps*
    - *Val av 2 representantar til å skrive under møteboka*
  2. *Årsmelding frå siste kalenderår.*
  3. *Revidert rekneskap frå siste kalenderår.*
  4. *Innkommne saker med styret sitt framlegg til vedtak.*
  5. *Andre saker som styret har sett opp på saklista.*
  6. *Styret sitt framlegg til årsplan.*
  7. *Fylkeslaget sin kontingentdel, med styret sitt framlegg til vedtak.*
  8. *Styret sitt framlegg til budsjett.*
  9. *Val av styre i medhald av § 7.*
  10. *Val av valnemnd på 3 medlemmer - mest mogleg geografisk fordelt, for 3 år, ein person på val kvart år. Den av medlemene som har sete lengst, er leiar i valnemnda.*
  11. *Val av 2 revisorar og eitt varamedlem for 3 år, ein person på val kvart år.*
  12. *Val av utsendingar til landsmøtet (kvart tredje år).*
- Ungdomsansvarleg skal vere representert ved NJFF sitt ordinære landsmøte, og skal gå inn i kvoten*

*til fylkeslaget.*

*Dersom ikkje noko anna er bestemt, skal alle saker avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unnateke ved personval, der ein skal foreta loddtrekking. Vala skal vera skriftlege dersom nokon av representantane krev det.*

*Ingen representantar har meir enn ei røyst. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap.*

## **§ 6. EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE**

*Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn av styret, eller når eit tidlegare årsmøte har bestemt det, eller minst 1/4 av lokallaga i fylket, eller forbundsstyret i NJFF krev det.*

*Ekstraordinært årsmøte, vedlagt sakliste, skal kallast inn med minst 14 dagars varsel. Møtet skal ikkje ta avgjerd i andre saker enn dei som er oppførde på saklista i innkallinga.*

## **§ 7. STYRE**

*Laget vert leia av eit styre på 7 representantar, som består av leiar, nestleiar/sekretær, kasserar, ungdomsansvarleg, kvinnekontakt, fagansvarleg vilt og fagansvarleg fisk.*

*Fagansvarleg vilt og fagansvarleg fisk har fagansvar på kvar sine fagområde og førebur desse til styrebehandling. Nestleiar har eit særleg ansvar for å følgje opp organisasjonsarbeidet i fylkeslaget. Styret skal ha to vararepresentantar. Ein av vararepresentane skal ha hovudansvar for fagområde innan jakthund.*

*Fyrste vararepresentant vert innkalla til alle styremøte, og har røysterett når nokon av dei andre medlemene har forfall.*

*Andre vararepresentant vert også innkalla til fyrste styremøtet etter årsmøtet, og elles når faste representantar melder avbod. Styret har til ein kvar tid maksimalt 7 repr. med stemmerett.*

*Ved likt røystetal har leiar dobbelrøyst.*

- 1. Styret vert vald for 2 år om gongen. Leiar, kasserar, fagansvarleg vilt og kvinnekontakt vert valde i år med like årstal. Nestleiar/sekretær, ungdomsansvarleg og fagansvarleg fisk vert valde i år med ulike årstal.*
- 2. Varamedlemene vert valde for 1 år om gongen.*

*Fylkesinstruktørane og andre fagpersonar er fagleg underlagt NJFF, og tiltrer fylkesstyret etter behov med tale og forslagsrett.*

## **§ 8. STYRET SITT ARBEID**

*Styret skal:*

- 1. Representere fylkeslaget, utøve administrativt mynde, handheve vedtektene og ivareta fylkeslaget sine interesser ut mot dei lokallaga som er tilslutta laget og regionale styresmakter.*
- 2. Medvirke til å opprette nye lokallag og eventuelt medvirke til å slå saman lokallag der det er naturleg, og hjelpa desse med råd og opplysningar.*
- 3. Førebu, handsame og vedta saker av interesse for laga i fylket.*
- 4. Halde møter med lokallagsleiarar/-styre for drøfting av viktige saker av felles interesse samt ta initiativ til kurs, møte o.l.*
- 5. Sende saker til høyring i lokallaga.*
- 6. Fastsetje tid for ordinært og eventuelt ekstraordinært årsmøte.*
- 7. Leggje fram årsmelding og rekneskap med revisorrapport kvart år om laget si verksemd i kalenderåret.*
- 8. Utarbeide framlegg til årsplan og budsjett for komande år.*
- 9. Sende årsmelding og rekneskap samt årsmøtereferat med ajourført liste over tillitsvalde til NJFF og lokallaga seinast 1 månad etter årsmøtet. Føreslå nyval dersom tillitsvalde ikkje oppfyller instruksen, også om dei ikkje står på val.*
- 10. Styret kan oppnemne eigne arbeidsutval. Styret utarbeidar arbeidsinstruks for desse.*
- 11. Gjere framlegg om tildeling av eventuelle heidersteikn.*
- 12. Utnemne fylkesinstruktørar.*
- 13. Utarbeide instruks for tilsette i fylkeslaget.*
- 14. Styret utarbeidar instruks for styremedlemer, utvalsmedlemer og instruktørar.*
- 15. Vere representert ved stemner og arrangement på fylkesnivå.*

16. Arbeide for lags- og medlemsfordeler, herunder drive informasjon om økonomisk støtte til fylkeslag og lokallag.

17. Avgjere tvistar mellom laga. Avgjersla kan ankast inn for årsmøtet i fylkeslaget.

Styret er vedtaksført når minst halvdelen av styret er tilstades. Vedtak vert avgjort ved simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta. Det skal førast protokoll frå kvart styremøte.

### **§ 9. VEDTEKSENDRINGAR**

Vedtektsendringar (del II) kan gjerast av årsmøtet. Til gyldig vedtak vert det kravt 2/3 fleirtal av dei representantane som er tilstades på årsmøtet.

Vedtektsendringar skal godkjennast av Representantskapet i NJFF.